



Lingalaks AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Skjærgårdsfisk AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Dato: 11.04.2014
Vår ref.: 2014/14793-3
Sakshandsamar: Vibeke Lokøy
Telefonnr: 55 23 91 45

H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS H-R-18, H-KM-1 og H-KM-4 Lingalaks AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune

Vi syner til Dykkar melding om samlokalisering av 24.03.2014

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Skjærgårdsfisk AS, org. nr 938124426, akvakulturløyve med reg. nr. H-R-1 og H-R-17, Lingalaks AS org. nr. 960900626, akvakulturløyva med reg.nr. H-R-18, H-KM-1 og H-KM-4, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Radøy kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitets- biomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering
31497	Toska N	Radøy	2340 tonn	60° 40.192' N 4° 55.032' E	H-R-1, H-R-17, H-R-18, H-KM-1 og H-KM-4

Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferanser oppgjeve i Euref-89/WGS84

1	2	3	4	5	6
60° 40.059' N 4° 55.373' E	60° 40.080' N 4° 55.273' E	60° 40.271' N 4° 54.731' E	60° 40.305' N 4° 54.783' E	60° 40.115' N 4° 55.326' E	60° 40.072' N 4° 55.390' E

Lokalitet 31497 Toska N er godkjent for løyva H-R-1, H-R-17, H-R-18 og H-KM-4. Løyve H-R-17 er eit visningsløyve som omfattar ein maksimal tillaten biomasse på 500 tonn. Kvar av løyva H-R-1, H-R-18 og H-KM-1 og H-KM-4 omfattar ein maksimal tillaten biomasse på 780 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Dette løyvet erstattar tidlegare vedtak om lokalitetsklarering av 06.12.2013.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Grunngjeving

Lingalaks AS melde 03.04.2014 frå om samlokalisering av akvakulturløyve H-KM-1 med akvakulturløyva med reg. nr. H-R-1, H-R-17, H-R-18 og H-KM-4 på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune, innafør eksisterande godkjent lokalitetsbiomasse og utan endringar i anleggsplassering. Samstundes vert det gjeve melding om at akvakulturløyve H-KM-1 ikkje lenger skal vera knytt til lokalitet Tveitnes i kommune.

Då lokaliteten er tidlegare klarert jf. løyve datert 03.07.2012 er ikkje denne saka sendt til verken Radøy kommune, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdeling, Mattilsynet DK Bergen og omland, Kystverket Vest eller Fiskeridirektoratet Region Vest.

I laksetildelingsforskrifta står det fylgjande : ” § 37. *Melding ved samlokalisering*

Ved samlokalisering av tillatelser til akvakultur av matfisk som innehas av samme person og som ikke innebærer utvidelse av klarert biomasse på lokaliteten og lokalitetsstørrelse, skal det sendes melding til fylkeskommunen. Søknad om endring av driftsplan etter akvakulturdriftsforskriften § 40 skal sendes Fiskeridirektoratets regionkontor sammen med kopi av meldingen. Det er ikke tillatt å sette ut fisk på lokaliteten knyttet til den nye tillatelsen før innehaver av tillatelsen har mottatt endret tillatelse i tråd med meldingen og godkjenning av endret driftsplan.

Første ledd gjelder også for ulike innehavere av tillatelser innen samme konsern. Innehaverne må legge fram dokumentasjon på at de inngår i samme konsern på meldingstidspunktet. Både innehavere som allerede har tillatelser tilknyttet den aktuelle lokalitet og nye innehavere må underskrive meldingen.

Fylkeskommunen plikter å utstede endret tillatelse så snart som mulig, fortrinnsvis innen en uke regnet fra melding etter første ledd er mottatt, dersom dette ikke er i strid med andre tildelingsbestemmelser. Driftsplanen skal snarest mulig vurderes av Fiskeridirektoratets regionkontor og Mattilsynet, jf. akvakulturdriftsforskriften § 40. ”

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8- 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a. I dette tilfelle vert det ikkje søkt om endringar i anleggsplassering eller produksjonskapasitet på lokaliteten. Fylkeskommunen kan ikkje sjå dette tiltaket på lokaliteten kan ha påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget (§8) er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet (føre var prisnippet §9).

Det vert med bakgrunn i dette gjeve løyve til samlokalisering av akvakulturløyve med reg. nr. H-KM-1 med akvakulturløyva med reg.nr. H-R-1, H-R-17, H-R-18 og H-KM-4 på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokaliteten skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av, og opplysningar om, anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 16.05.2012 og 23.09-2009, Mattilsynet, DK Bergen og omland 30.05.2012 og Kystverket Vest 15.05.2012, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin § 27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling


Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet, DK Bergen og omland
Kystverket Vest
Radøy kommune


H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS, H-R-18, H-KM-1 og H-KM-4 Lingalaks AS Lokalitet 31497 Toska N



Lokalitet 31497 Toska N



Målestokk: 1:10 000



Designert:
Torgeir Aalvik
Marengul Kartmålning AS
Avtal for konsulentarbeid

Utarbeidet av:
Torgeir Aalvik
Marengul Kartmålning AS
Avtal for konsulentarbeid

Line	GPS position forstyrning
1A	60.40.521 N 4.55.116 Ø
1	60.40.458 N 4.55.184 Ø
2	60.40.457 N 4.55.191 Ø
3	60.40.384 N 4.55.371 Ø
4	60.40.373 N 4.55.380 Ø
5	60.40.335 N 4.55.450 Ø
6	60.40.313 N 4.55.521 Ø
7	60.40.308 N 4.55.617 Ø
8	60.39.973 N 4.55.975 Ø
9	60.39.960 N 4.55.943 Ø
10	60.40.006 N 4.55.375 Ø
11	60.40.033 N 4.55.302 Ø
12	60.40.045 N 4.55.220 Ø
13	60.40.059 N 4.55.138 Ø
14	60.40.076 N 4.55.063 Ø
15	60.40.100 N 4.54.995 Ø
16	60.40.122 N 4.54.924 Ø
17	60.40.136 N 4.54.844 Ø
18	60.40.158 N 4.54.771 Ø
18B	60.40.211 N 4.54.648 Ø
19	60.40.286 N 4.54.376 Ø
20	60.40.396 N 4.54.254 Ø
21	60.40.434 N 4.54.250 Ø
22	60.40.520 N 4.54.565 Ø
23	60.40.535 N 4.54.618 Ø

GPS position anleggs hjørner

B	60.40.272 N 4.54.739 Ø
B7	60.40.114 N 4.55.323 Ø
A7	60.40.081 N 4.55.274 Ø
A	60.40.304 N 4.54.789 Ø

GPS position anleggs midtpunkt

M	60.40.192 N 4.55.032 Ø
---	------------------------

Systemnavn: 75x75 m

Systemnavn: 75x75 m

Feierstyring: line

Feierstyring: line

Feierstyring: line

Feierstyring: line

AK område

<p>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN</p>	<p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)</p>
<p>(3) Mottakar (namn og adresse)</p>	<p>(4) Klageinstans Hordaland fylkeskommune</p>
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p>	
<p>Klagerett</p>	<p>De har rett til å klage på vedtaket.</p>
<p>Kven kan De klage til?</p>	<p>Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p>
<p>Klagefrist</p>	<p>Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p>
<p>Rett til å krevjegrunggjeving</p>	<p>Dersom De meiner at vi ikkje har grunggjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggjevinga.</p>
<p>Innhaldet i klaga</p>	<p>De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p>
<p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</p>	<p>Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p>
<p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</p>	<p>Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p>
<p>Kostnadene med klagesaka</p>	<p>De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p>
<p>Klage til Sivilombodsmannen</p>	<p>Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>
<p>Særlege opplysningar</p>	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve

